



Husnes 17.02.2017


## Søknad om støtte til tilbod om gratis skulefrukost

Kvinnherad vidaregåande skule vil med dette søkja om utlyste midlar til støtte til gratis skulefrukost. Vi reknar med at eit slikt tilbod vil kosta 500.000 kr per år og vil søkja om tilskot som dekkjer dette.

Vi er ein skule med rundt 400 elevar og 80 tilsette. Vi har både studieførebuande program og yrkesfag. Gjennomsnittlege inntakspoenga for skuleåret 2015-16 er 39,7 dette er -1,3 lågare enn snittet på fylket.

Under ser de eit utkliipp der inntakspoenga frå alle programområda våre er med og ei samanlikning med gjennomsnittet for Hordaland fylkeskommune

### Karakterpoengsum fra grunnskolen





Vi ynskjer å starte med gratis skulefrukost for elevane då det er mange av elevane våre som ikkje et frukost før dei kjem til skulen og heller ikkje lagar seg niste. Mange av elevane har og lang køyretid til skulen og står derfor tidleg opp. Det vert då lenge å gå utan mat fram til kantina vår opnar 10:45. Dette gjere noko med konsentrasjonen og arbeidsinnsatsen til elevane. Vi ynskjer at elevane våre skal få ein god start på dagen med gratis skulefrukost slik at dei er rusta for ein lang dag med mykje god læring.

Kostnader:

Vi ynskjer å tilby frukost kvar dag. Ein miljøfagarbeidar skal ha ansvaret for frukosten. Til dette reknar vi med at det vil gå ca. 3 timer per dag. Dette vert ein lønnskostnad på rundt 150.000 kr. Vi reknar med at rundt 150 elevar vil nytta seg av tilbodet dagleg og reknar med at kostnaden på ingrediensar til frukosten vil vert rundt 350000 kr. Det vert ca. 12 kr per elev per dag.

**Budsjett skulefrukost kvinnherad vidaregåande skule**

**Utgifter**

Lønn miljøfagarbeidar 36% stilling	150000
Ingredienser frukost	350000
<b>Sum Kostnad</b>	<b>500000</b>
<b>Omsøkt beløp</b>	<b>500000</b>
<b>Balanse</b>	<b>0</b>

**Mvh**

**Gry Hege Grønningen**

Ass. Rektor

**Kvinnerad vidaregåande skule**

Tlf. 53475715 / 90800481



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**



Tenk miljø – La  
vere å skrive ut?





# KVINNHERAD VIDAREGÅANDE SKULE

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

**Hordaland fylkeskommune**  
Opplæringsavdelinga  
<http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/oppaering/>

**Kvinnherad vidaregåande skule**  
Opsangervegen 160  
5460 HUSNES

tlf: + 47 53 47 57 00  
faks: + 47 53 47 57 36  
e-post: [post.kvv@hfk.no](mailto:post.kvv@hfk.no)  
<http://kvv.hfk.no>